

Saksbehandlar: Statens vegvesen
 Sak nr.: 18/6733-1

Fråvik. Fv. 575 Berleporten - søknad om fråvik belysning

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
 Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Det vert gjeve fråvik frå krav til belysning i fv. 575 Berleporten.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

- [Håndbok N500 Vegtunneler](#)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fv. 575 Berleporten er ein 860 meter lang tunnel i Bremanger som vart opna for trafikk i 1973.



Kvart år vert det sett av midlar på vedlikehaldsposten til utbetring av tunnelar som ikkje er omfatta av tunnelsikkerheitsforskrifta. Dette tiltaket inngår i denne kategorien.

Grunnen for at saka er fremja

Det er planlagt å etablere lys i tunnelen. Statens vegvesen søkjer om fråvik frå krav til luminans i handbok N500, kapittel 9.1 Belysning. Luminans er eit mål på lysstyrke. Kravet er at veg-tunnelar med lengde over 100 meter skal belysast i samsvar med krava gitt i 9.3.2, tabell 9.1:

ÅDT (10) Sone \ Fartsgrense	< 4 000		4 000–12 000		> 12 000	
	60 km/t	80 km/t	60 km/t	80 km/t	80 km/t	110 km/t
Innkjøringssone dag	2,00 %	3,00 %	3,00 %	4,00 %	5,00 %	7,00 %
Indre sone dag	2,00 cd/m ²	2,00 cd/m ²	2,00 cd/m ²	2,00 cd/m ²	4,00 cd/m ²	4,00 cd/m ²
Alle soner natt	1,00 cd/m ²	1,00 cd/m ²	1,00 cd/m ²	1,00 cd/m ²	2,00 cd/m ²	2,00 cd/m ²
Alle soner kl. 00–05	0,50 cd/m ²	0,50 cd/m ²	0,50 cd/m ²	0,50 cd/m ²	1,00 cd/m ²	1,00 cd/m ²

Det planlagde tiltaket oppfyller alle krav, bortsett frå kravet til belysning i indre sone av tunnelen på dagtid. Dette kravet er 2,00 cd/m². Det planlagde tiltaket i tunnelen gir ein luminans på 1,31 cd/m².

Dette er eit såkalla «skal-krav» og i følgje delegerings- og innstillingsreglementet skal saka då til fylkesutvalet for endeleg avgjerd.

2. Vurderingar og konsekvensar

Statens vegvesen ønskjer å byggje eit lysanlegg med mindre luminansnivå enn det handbok 500 Vegtunneler legg opp til. Dette er grunngeve med at lysanlegget vil vere eit betydeleg løft frå dagens standard, at tunnelen har låg ÅDT jamt over heile året, og at den er rett og oversiktleg.

Lysanlegget er planlagt tilsvarande det som vart bygd i Svoragrovatunnelen på fv. 724 i Oldedalen. Her vart det gjort vedtak om fråvik til belysning i Fylkesutvalssak 88/17.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Dersom vi skal bygge lysanlegg etter krava i handboka vil dette koste ca. 5,8 mill.kr inkl. mva. Tiltaket det er søkt fråvik for er kostnadsrekna til 2,5 mill.kr inkl. mva, dvs. at fråviket gir ei innsparing på 3,3 mill.kr.

Årlege straumkostnadar ved eit anlegg bygd utan fråvik vil vere i storleiken 250 000 kroner og eit anlegg bygd med ønska fråvik vil ha ein årleg straumkostnad på om lag 20 000 kroner, dvs. ei innsparing på ca. 230 000 kroner per år.

Konsekvensar for tryggleik for trafikantar

Tunnelen er i dag utan lys. Tiltaket vil såleis auke tryggleiken betydeleg sjølv med fråvik frå kravet til lysmengde.

Konsekvensar for miljø

Fråviket vil føre til mindre straumforbruk over lang tid, og vil såleis vere positivt for miljøet.

Konsekvensar for drift og vedlikehald

Fråviket vil lette arbeidet med vedlikehaldet, då det blir færre armaturar og enklare styring.

Vurdering

Fråviksgruppa til Statens vegvesen har handsama fråvikssøknaden og tilrår at det vert gjeve fråvik. Dette er grunngeve i at avviket er av så liten karakter at det etter fråviksgruppa si vurdering ikkje hemmar trafikantane som ferdast i tunnelen.

Det er ikkje naudsynt med avbøtande tiltak ved å gjennomføre tiltaket med fråvik.

3. Konklusjon

Det er økonomiske omsyn som gjer at Statens vegvesen ønskjer å fråvike krava i vegnormalen i denne saka. Fråviksnemnda til Statens vegvesen rår til at søknaden vert godkjent.

Å vurdere fråvik der det er mogeleg er i tråd med tidlegare politiske signal og føringar Regional transportplan 2018-2027 om å vurdere kostnadsreducerande tiltak. Fylkesrådmannen tilrår at fråvikssøknaden vert godkjent.